

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING
22.04.2010

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag, 26.04.2010 kl. 16.00 på
Skodje Rådhus**

SAKLISTE:

- Sak 08/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 17. mars 2010
- ” 09/10 - Årsmelding 2009 – Skodje kommune
- ” 10/10 - Kommunerekneskapen 2009 – Skodje kommune

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 17. mars 2010, kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Valborg Haugen og Magnar Flaate

= 4 voterande

Kjell Arve Reiakvam hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Jens Sæther

Frå Skodje kommune møtte ordførar Modolf Hareide i sak 01/10 og 06/10

Magnar Flaate forlet møtet etter behandling av sak 05/10.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Under eventuelt vart behandling av årsmelding 2009 for Skodje kontrollutval sett opp til behandling.

Sakene vart behandla i denne rekkefølga:

SAK 01/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. DESEMBER 2009

Det kom fram synspunkt på at kontrollutvalet sitt vedtak om talet på deltakarar på kontrollutvalkonferansen på Gardemoen vart overprøvt av kommunen. I den samanhengen vart behandlinga av kontrollutvalet sitt budsjett for 2010 etterspurt. Ordførar svarte på spørsmål og viste til kommunen sin økonomi og lav kursdeltaking også for andre politiske utval.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Møtebok frå møte 14. desember 2009 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet ber om at kontrollutvalet sitt budsjett for 2010 blir gjort ved første budsjettkorrigerering dersom det har blitt utegløynt.

SAK 06/10

SAKER UNDER OPPFØLGING OG SAKER TIL NESTE MØTE

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen gjere greie for korleis brev datert 10.06.2009 frå talsgruppa for arbeidarane ved Prestmarka produkt har vore behandla i forhold til svarfristar i forvaltningslova og journalføring etter arkivlova. Frist blir sett til 18.05.2010.
2. Brev frå Reidar Skymoen datert 25.11.2009 og 04.01.2010 blir tekne til observasjon.
3. Kontrollutvalet ber rådmannen innan ny frist, 18.05.2010 gi svar på kontrollutvalet sin forespørsel om sosiale ytingar.

SAK 05/10

VOI

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka. Rådmannen får frist til 18. mai til å legge fram prosjektrekneskap frå Skodje kommune sin rekneskap. Rekneskapen bør innehalde opplysningar om følgjande:

Inntekter:

Inntekter frå Norad

Andre inntekter

Kostnader:

Vikarar (vikarbehov som oppstår p.g.a. bruk av arbeidstid eller opparbeidd avspasering)

Reisekostnader (direkte kostnader og reiseregulativ)

Andre lønnskostnader (administrasjonen sin del)

Andre kostnader

SAK 02/10

KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANDE

SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I SKODJE KOMMUNE

Saksutgreiing datert 08.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Skodje kommune datert 04.02.2010 frå Skatteetaten til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få seg forelagt dei pålegg og anbefalingar som er gitt skatteoppkrevjaren i 2009 samt brev datert 17.12.2009 frå Skatteetaten samt svar frå skatteoppkrevjaren (Saksnr: 08/71. Regdato: 12.02.2010) innan 18.05.2010.

SAK 03/10

NÆRARE VURDERING AV MANDAT FOR FORVALTNINGSREVISJON

Saksutgreiing datert 09.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Som forvaltningsrevisjon innan utøving av offentleg mynde i Skodje kommune blir det gjennomført ein forvaltningsrevisjon om praktisering av sjølvkostprinsippet innan VAR – området.

SAK 04/10

BILOPPSAMLING I FURULIA – HANDSAMING ETTER FORUREININGLOVA

Saksdokument datert 09.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om statusrapport innan 18. mai 2010.

SAK 07/10

FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2009 – SKODJE KONTROLLUTVAL

Framlegg til årsmelding utarbeidd av kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2009 for Skodje kontrollutval.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

Dag Loe Olsen
medlem
(sign.)

Magnar Flaate
medlem
(sign)

Valborg Haugen
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 22.04.2010

**SAK 09/10
ÅRSMELDING 2009 – SKODJE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2009 – Skodje kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Skodje kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 22.04.2010

**SAK 10/10
KOMMUNEREKNESEKAPEN 2009 – SKODJE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2009 - Skodje kommune
2. Skodje kommune - kommunerekneskapen 2009

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

1. Skodje kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent.
2. Innan enkelte einingar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet ser på arbeid med kvalitetssikring av økonomistyringa som viktig.

Harald Rogne
dagleg leiar

Vår sakshandsamar:

Vår dato:
20.04.2010
Dykkar dato:

Vår referanse:

Dykkar referanse:

Kommunestyret
i Skodje kommune

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

REVISJONSMELDING 2009 – SKODJE KOMMUNE


Vi har revidert årsrekneskapen for Skodje kommune for rekneskapsåret 2009, der driftsrekneskapen viser kr 151 348 000,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 9 989 587,14. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen. Vidare har vi revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen. Årsrekneskapen er sett saman av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen er lagt fram av kommunen sin fagsjef for rekneskap og rådmannen. Årsmeldinga er lagt fram av rådmannen. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimater, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av kommunen si økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Rekneskapen viser overskridingar i einsskilte einingar i høve vedteke budsjett for 2009.

Vi meiner at

- Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for Skodje kommune si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.


Kjell Bjørnsen
dagleg leiar

Postadresse
Postboks 7734 Spjelkavik

Besøksadresse
Lerstadvegen 545, 4. etg.

Telefon
70 17 21 51

Telefaks
70 17 21 51

Bankkonto
6540 05 00465

6022 Ålesund

E-postadresse
komrev3@komrev3.no

Foretaksregisteret
NO 971 562 587